



Tveiten bær og gardsprodukter
Prestebrekka 8
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar: Ref.:VS3T8Y- Skjemanr.:4378
Vår: 16/268 - 16/32131

Saksbehandlar:

Øystein Sørhaug
Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:

23.11.2016

Søknad om tilskot

Administrativt vedtak. Saknr:

Vedtak

Lindås kommune løyver 50.000kr til omsøkt prosjekt «gardsutsal»

Saksutgreiing

Tveiten bær og gardsprodukt ønsker å tilby ein gardsbutikk som bugnar av lokalproduserte varar både frå eigen gard og ellers i regionen. Dei skal sjølv produsere syltetøy frå eigne bær og tilby nysteikte brød og anna tradisjonsbakst som lefser, kranssekaker osv.

Prosjektet har ein kostnad på 230.000kr kor næringsfondet er beden om å stilla opp med 80.000kr. Det resterande tas i form av egenkapital og eigne timar.

Næringsfondet til Lindås kommune skal spesielt prioritera prosjekt innanfor industriutvikling, kompetanseheving, marknadsføring/profilering og samarbeidstiltak. Vidare skal det vurderast etter skjøn gjennomføringsevne, sysselsettingsbidrag-/effekt, marknadshensyn og konkurranseomsyn. Det er og nokre kapitalgrenser som er satt i retningslinjene til fondet. I næringsfondet sine retningslinjer står det vidare og eksplisitt at «ved etablering av tilleggsnæring kan støtte frå næringsfondet vurderast (t.d. gardsmat). Omsøkt prosjekt er difor innafor retningslinjene til fondet.

Strategiane til felles strategisk næringsplan Lindås og Austrheim vil og vere relevant for vurdering av støtta:

1. Ny industrireising på Mongstad (nyskaping, entreprenørskap)
2. Ein synleg og tydeleg region (profilering, omdømme)
3. Ein attraktiv bu- og opplevingsregion (reiseliv, turisme, oppleving, landbruk, kultur)
4. Aktivt, positivt vertskap (kompetanseutvikling, entreprenørskap)

Det omsøkte prosjektet vil vera positiv bidragsytar ovanfor spesielt punkt 3.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



På grunn av konkurranse ovanfor andre omsøkte prosjekt må dessverre Lindås kommune foreta ei avkorting i tildelt støtte. Lindås kommune ønsker å løyve 50.000kr til prosjektet.

Lindås kommune ønskjer lukke til med prosjektet og at støtta kjem godt med!

Kva ligg til grunn for støtta?

- Tilskot må tilbakebetalast viss det ikkje vert gjennomført etter planen – ref retningslinjene.
- I retningslinjene til fondet står det at 50% av tilsagnet kan utbetalast ved oppstart og at resten vert utbetalt når investeringar er i samsvar med søknaden. Det er søker sitt ansvar å dokumentera at investeringar er i samsvar med søknaden for å få utbetalt dei siste 50%
- Får verksemda mediaomtale ønskjer Lindås kommune at det vert opplyst at Lindås kommune har vore med på å støtta prosjektet.
- Det skal leggjast fram rekneskap etter at prosjektet er gjennomført – ref retningslinjene.
- For å betala tilskotet ut på forskot, ber me om å få tilsendt eit kontonummer, dvs. send ein e-post til oystein.sorhaug@lindas.kommune.no og med e-post overskrift «utbetalingsanmodning for [prosjekttittel] og [verksemd]».

Sjå elles dei til ein kvar tid gjeldande retningslinjene til næringsfondet på heimesida til kommunen.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Øystein Sørhaug
næringssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tveiten bær og gardsprodukter

Prestebrekka 8

5911

ALVERSUND